

Andakt for utviklingshemma i bufellesskap

I Kviteeid kommune er det eit flott bufellesskap for ein del menneske med ulike typar av utviklingshemming. Kvar av dei som bur her har sin eigen bustad eller sitt eige rom, og så finst det også eit fellesareal for måltid, samlingar og anna. Eg skal skrive noko om dei andaktane som kyrkja har her, ca. tredjekvar veke. I tillegg til desse ordinære samlingane kjem også joleavslutning og sumaravslutning, som arrangerast av diakoniutvalet i samarbeid med presten. Meir om desse nedanfor.

Ordinære andaktar

Tidspunktet for andaktane vert avklara med personalet i byrjinga av halvåret, og så sett opp på ei liste. Vi plar ha andaktane torsdagar kl. 18-19, og dette inkluderer då mykje tid til kaffi og drøs. Personalet opplyser buarane før andakten, når den nærmar seg, og så vel dei sjølve om dei ynskjer å vere med. Stort sett er det godt oppmøte på andaktane. Ved sjølve samlinga går eg som prest rundt og helsar på kvar einskild, og så byrjar vi med liturgien.

Liturgien er spesiallaga for samlingane våre. Innhaldet er sentralt, og vi brukar mykje song og musikk. Sjølv spelar eg gitar inntil songen, og dette fungerer veldig godt. I folderen er det også printa nokre store og fine biletar av Jesus. Eg skal gå raskt gjennom innhaldet.

Liturgien opnar med nådehelsinga, før vi syng opningssalmen "Han tek ikkje glansen av livet," som er ein kjent og kjær song i våre bygder. Vi held fram med å be ei kort bøn; denne fungerer som samlingsbøn eller kollektbøn. Så syng vi bønesalmen "Ver meg nær, å Gud." Deretter fylgjer truvedkjenningsalmen "Måne og sol".

Så fylgjer sjølve andakten. Denne varer gjerne frå 3 til 5 minutt. Ein slik andakt kan gjennomførast på mange ulike vis. Sjølv opplever eg at det er viktig å ikkje bruke for mykje teori, og for mange ord, ståande åleine. Som regel freistar eg å ta fram noko handgripeleg og synleg og så seie noko om dette, og knyte det til livet. Det kan også vere godt å ta utgangspunktet i kyrkjeåret og gudstenesta med deira tema, symbolikk, rituale etc.

Til dømes: Fortelje om dåpen kombinert med å tenne dåpsljos og vise korleis presten ausar vatn; Ta med eit ikon med motiv frå trua eller Jesu liv, og fortelje om dette; Vise og lære bort gester og rituale, som til dømes å gjere krossmerket etc. God gamaldags flanellograf plar også å fungere godt, her er det store og tydelege figurar og forteljingar om Jesus som skaper engasjement.

Etter andakten kjem nok ein salme, "Ja, eg veit at Jesus bryr seg om meg." Så er det forbønsdel, som avsluttast med Fader Vår. Slutningssalmen er "Herren vil velsigne deg, Halleluja." Og til slutt kjem velsigninga og eventuelt postludium. Deretter fylgjer kaffi og kake og god drøs.

Jole- og sumaravslutning

Halvåra plar avsluttast med ei større samling på det lokale Misjonshuset. Diakoniutvalet inviterer og steller til, og presten er med. Ved jolesamlinga opnast det med ein andakt og eit par jolesongar. Så serverast det graut med mandel i, med god tid til samvere rundt langbordet. Etter grauten syng vi fleire songar saman. Så kjem jolenissen og har med gåver til alle, før det serverast kaffi og kake.

Sumaravslutninga går langs same lesten. Men her syng vi gjerne også sumarsalmer, i tillegg til kjente og kjære viser og barnesongar. Kaptein Sabeltann, Dydrene i Afrika, Lykkeliten og Sorte-Bill er favorittar, men her går det i mykje forskjellig. Vi har eit hefte vi har kopiert opp, men elles finst det også ei kjempeflott songbok som vi brukar ein del, "Syng med" (syngmed.no), med mange fine songar.

Av Hallvard Nordbø Jørgensen, sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen